



KONTROLLUTVALET FOR MODALEN KOMMUNE

SÆRUTSKRIFT

Møtedato: 7. februar 2017
Stad: Formannskapssalen, kommunehuset
Kl.: 09.00 – 10.45
Tilstade: Knut Moe (leiar), Sigmund Vikane (nestleiar) og Sigrunn Birkeland (vara for Trude Langedal)
Innkalla:
Revisjon: Randi Rykkje og Ragnhild K. Høyland
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall: Trude Langedal (medlem)

04/17 Oppfølging av sak 34/16: KS vedtak 060/2016 Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunestyret handsama plan for forvaltningsrevisjon i sak 060/2016 på sitt møte 10. november 2016. Det ble gjort slikt vedtak i saka:

Kommunestyret - Sak 060/2016:

Det er gjort slikt vedtak i saka:

Kommunestyret ber kontrollutvalet føreta ei ny vurdering av område i framlegget til forvaltningsrevisjon for 2016-2019. Dette på bakgrunn av at Fylkesmannen har varsla nytt tilsyn i 2017 innan Samfunnstryggleik – og beredskapsarbeid til kommunen.

Kontrollutvalet diskuterte plan for forvaltningsrevisjon i møtet 15.11.16 i sak 34/16. Kontrollutvalet vedtok å følge opp saka på neste møte der revisjonen legger fram ei vurdering for eit mogleg forvaltningsrevisjonsprosjekt innan kommunen sine satsingsområder i oppvekstsektoren.

Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland gjennomgjekk vurderinga for eit mogleg forvaltningsrevisjonsprosjekt i oppvekstsektoren. Det vart særleg peika på:

- Høg ressursforbruk, få voksnes per barn og god plass i barnehagen
- Skule har høg totalundervisning per elev, scorar godt med høge grunnskulepoeng og har gode karakterar
- Spesialundervisning har høg ressursbruk i skulen og Statped Vest har i 2016 gjennomført prosjekt med skulen om bruken av spesialundervisning
- Fylkesmannen har varsla nasjonalt tilsyn på spesialundervisning i løpet av året

Kontrollutvalet diskuterte moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt og peika på at oppvekstsektoren er eit viktig området å sjå på mot slutten av perioden. Då er tilsynet frå Fylkesmannen gjennomført og ein kan sjå moglege effektar frå Statped Vest sitt prosjekt.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for god orientering. Kontrollutvalet ønskjer å prioritere følgjande

område for forvaltningsrevisjon i denne perioden:

- Oppvekstsektoren

Fylkesmannen har varslet tilsyn på mellom anna spesialundervisning, og ein anbefaler difor å gjennomføre forvaltningsrevisjonen mot slutten av perioden.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Oppvekstsektoren

Fylkesmannen har varslet tilsyn på mellom anna spesialundervisning, og ein anbefaler difor å gjennomføre forvaltningsrevisjonen mot slutten av perioden.

Modalen, 07.02.2017



Knut Moe/leiar



Tonje Husum Aarland/sekretær